

## **Referat frå møte i Arbeidsutvalet 13. august 2010, kl. 10.00-14.00.**

**Stad: Thon Hotell Opera, Oslo**

### **Til stades:**

Svein Borkhus, Hedmark fylkeskommune  
Arne Vinje, Vinje kommune  
Jenny Følling, Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Magne Pedersen, Buskerud fylkeskommune  
Eivind Brenna, Opplandsregionar/kommuner  
Olaug Grønseth Granli, Buskerudregionar/kommuner  
Olov Grøtting, Hedmarksregionar/kommuner

### **Forfall:**

Kjetil Lundemoen, Oppland fylkeskommune  
Lars Bjaadal, Telemark fylkeskommune

### **Til stades frå administrativ arbeidsgruppe:**

Kay H Bjerke, Buskerud fylkeskommune  
Thrond Kjelle vold, Telemark fylkeskommune  
Anne Marie Sveipe, Oppland fylkeskommune  
Ann Marit Holumsnes, hovedsekretariatet (Hedmark FK)  
Torunn H. Kornstad, hovedsekretariatet (HFK)

### **Forfall administrativ arbeidsgruppe:**

Svein Arne Skuggen Hoff, Sogn og Fjordane fylkeskommune

### **Referent:**

Torunn H. Kornstad

### **Saksliste**

14/2010	Referat frå møtet i AU 28.05.10.
15/2010	Opptak av Fyresdal kommune som ny medlem
16/2010	Profilering av Fjellregionsamarbeidet
17/2010	Arbeidet vidare med revisjon av retningslinene, handlingsplan og økonomiplan
18/2010	European Mountain Convention 2010, status og utfordringar

- 19/2010                      Eventuelsak: Datoar for dei neste AU-møta
- 20/2010                      Eventuelsak: Dekking av kundekort for hovedsekretariatet

### **Orienterings- og referatsaker.**

- 06/2010                      Innsend uttale til den nye mat- og landbruksmeldinga. Vedlegg

### **Utsett orienteringssak frå førre møte:**

- 04/2010                      Verving av nye medlemar. Orientering for kommunestyret i Sigdal

### **14/2010                      Referat frå møtet på Thon Hotel Opera 28.05.10**

Det vart vist til referatet som var lagt ved frå møtet på Thon Hotell Opera 28.05.10.

#### ***Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:***

”Arbeidsutvalet godkjenner referatet frå møtet 28.05.10.”

### **15/2010                      Opptak av Fyresdal kommune som ny medlem**

Fyresdal kommune ved ordførar Bjørn Nome hadde sendt epost med melding om at kommunen har vedtatt å melde seg inn i Fjellregionsamarbeidet. Arne Vinje og Thronn Kjelle vold fortalte om kommunen, som ligg i Vest-Telemark mot Setesdal.

Rådsmøtet 2010 vedtok samrøystes å delegere opptak av nye medlemar til Arbeidsutvalet fram til nye retningslinjer er vedtatt, og AU kunne difor gjøra det formelle medlemsopptaket.

#### ***Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:***

”Arbeidsutvalet vedtar med dette å ta opp Fyresdal kommune i Telemark som medlem i Fjellregionsamarbeidet.”

### **16/2010                      Profilering av Fjellregionsamarbeidet**

Arbeidsutvalet vart bedt om å komma med innspel i høve til ein del tekstar som var sendt over. Tekstane vart også lagt fram på engelsk i møtet. Profileringa skal i fyrste rekke komma fram på roll up's som skal brukast på EMC, men også kunna brukast att seinare i andre samanhengar.

AU la vekt på at det må vera eit enkelt, lettforståeleg språk, budskapan må vera vera spissa og ikkje lang og forklarande. Det var semje om å bruke nynorsk som målform. Dersom det er mogleg ville AU ha norsk og engelsk på same roll up. Viss ikkje vil dei ha roll up's også på engelsk.

Bileta som blir bruka må vise menneske og næringsliv, ikkje bare fin natur.

Det vart diskutert om namnet Fjellregionsamarbeidet skal omsetjast til engelsk eller ei, og kva det i så fall skal vera. Omsetjinga som er brukt til nå (The Norwegian Region Mountain Cooperation) vart vurdert å vera for tung. Det kom fram fleire forslag før AU vart samde om å bruke "Norwegian Mountain Network".

I samband med tekstane som var sett opp, kom det innspel på å ta inn noko om dei rike kulturtradisjonane i fjellbygdene. Da det varierer mykje kor stor rolle skogen spelar i dei forskjellige fjellområda, vart dette tatt ut.

***Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:***

"Ut frå diskusjonen og innspela i Arbeidsutvalet arbeider sekretariatet fram nye roll up's i samarbeid med eit byrå.

Det engelske namnet på Fjellregionsamarbeidet skal vera Norwegian Mountains Network."

**17/2010                      Arbeidet vidare med revisjon av retningslinene, handlingsplan og økonomiplan**

I samband med vedtak og diskusjonar i Rådsmøtet skal det både gjørast ein revisjon av retningslinene for Fjellregionsamarbeidet som skal vera klare til vedtak i neste Rådsmøte, og det skal leggst fram ein handlingsplan og økonomiplan for Rådsmøtet. Arbeidsutvalet vart utfordra på kor mykje dei vil bli involvert i arbeidet, og tidsplanen for dette.

I diskusjonen la AU vekt på at det var viktig for dei å ta den fyrste diskusjonen om retningslinene i eit fysisk møte. Det vart poengtert at retningslinene må sikrast juridisk, anten gjennom ein jurist hos ein av medlemane, eller eksternt, t.d. av advokatfirmaet som har sekretariatet til USS og LVK.

Innhaldet i nye retningsliner m.m. vart ikkje konkret diskutert nå, men AU kom inn på spørsmålet om sekretariatet skal vera lokalisert på ein fast stad, og ikkje følgje leiaren.

Datoane for dei neste møta vart diskutert samstundes, sjå sak 19/2010.

***Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:***

"Til neste møte i Arbeidsutvalet legg sekretariatet fram ein tids- og aktivitetsplan for korleis arbeidet med nye retningsliner, handlingsplan og økonomiplan skal foregå, bygd på vedtaket i Rådsmøtet og synspunkt frå AU.

Sekretariatet legg samstundes fram eit fyrste utkast til nye retningsliner.

Eit fyrste forslag til handlingsplan blir lagt fram på desembermøtet"

18/2010

## European Mountain Convention 2010, status og utfordringar

Sekretariatet orienterte om status for EMC ut frå følgjande punkt:

- Påmelding
  - o 245 påmeldte pr. 13.08., av desse minst 160 utlendingar
- Marknadsføring
  - o Epostar frå hovedsekretariatet og dei administrative kontaktpersonane
  - o Heimesidene til medlemne
  - o Sendt ut pressemeldingar 9. august med "lokal vri" i oversendinga. Tilslag bare i Valdres og Østlendingen så langt
- Budsjett
  - o Dette vart gått gjennom. Førebels er vi i rute, men det er usikkert om det er sett av nok pengar til foredragshaldarane og studieturane. Finansieringa er stort sett basert på tilskot som er innvilga, men dei kan svikte litt dersom det melder seg færre enn 250 betalande deltakarar, som er utgangspunktet i budsjettet
- Utstilling
  - o få har gitt tilbakemelding om at dei er interesserte
  - o VistiNorway/Innovasjon Norge har ikkje gitt tilbakemelding om dei vil organisere ein reiselivsdel. Norsk Fjellmat tar på seg å organisere ein seksjon om mat frå fjellregionane
- Funksjonærar ("frivillige"), kor mange har meldt seg, kor mange manglar vi?
  - o Det manglar framleis mange funksjonærar. Fleire av medlemne har ikkje meldt inn nokon i det heile tatt. Det vart presisert at kvar einskild medlem har ansvar for å skaffe funksjonærar, og talet det er bedt om gjeld kvar einskild:
    - Minst 2 personar pr. kommunemedlem
    - Minst 3 personar pr. regionråd som er medlem
    - Minst 5 personar pr. fylkeskommune, men Oppland og Hedmark stiller 7-10
- Studieturane
  - o Det er meldt på svært mange på den kortaste studieturen, ca. 80 pr. 13.08. Dette gjør at det må vera to bussar på denne turen. Dei to andre turane har 25-30 påmeldte
  - o Programmet på turane vart gått gjennom. Oppland FK har ansvaret for dei to turane i Oppland (den korte og ein lang til Valdres), medan hovudsekretariatet har ansvaret for den andre lange turen, til Østerdalen
- Foredragshaldarar/program
  - o Programmet er omtrent fastlagt. Jonas Gahr Støre hadde på møtedato ikkje gitt svar om han ville stille (seinare avklart at han ikkje stiller)
  - o Det er sju norske foredragshaldarar på parallellsesjonane, tre på åpningsdelen i plenum, og ein norsk deltakar på rundsordsdiskusjonen. I tillegg skal leiar Svein Borkhus snakke ved avslutninga

- Konferansehefte
  - o Skal innehalde presentasjonar av arrangørane, sponsorane og foredragshaldarene, helsingar frå leiar i Euromontana og FRS m.m. Blir laga på norsk, fransk og engelsk
- Omsetjingsarbeid før konferansen
  - o Det er leigd inn litt hjelp til omsetjing mellom norsk og engelsk på timebasis nå i planleggingsfasen
  - o Det blir brukt eit europeisk byrå til å omsetja det som trengst i konferanseheftet frå engelsk til norsk, da det er for dyrt å bruke eit norsk byrå
- Tolking
  - o Kostnadskrevjande, men budsjettet held akkurat. Da må Euromontana sjølv betala tolkinga på Generalforsamlinga og styremøtet, og det er ikkje råd til tolk på studieturane
- Kulturinnslag
  - o Førebels ikkje avklart
- Medlemane i Arbeidsutvalet sine roller under konferansen

Arbeidsutvalet ba om at det vart lagt meir vekt på det fjellpolitiske innhaldet i den kommande marknadsføringa, og at foredragshaldarane vart gjort medvitne om det politiske innhaldet. Det bør sendast ut fleire pressemeldingar fram mot konferansen.

Utstillinga blir gjennomført, men meir av arealet kan bli disponert av medlemane dersom det er slik at ikkje dei som er spurt om å stille ut vil gjøra det.

Det vart diskutert litt kva som vil skje dersom konferansen går i underskot. Administrasjonen fekk fullmakt til å redusere budsjettet dersom dei ser at det er naudsynt.

Arbeidsutvalet skal under konferansen representere og bygge nettverk, men tok også på seg å steppe inn dersom det blir for få til å gjennomføre funksjonær oppgåvene, eller ved forfall i siste liten. Det blir gjennomført oppdateringsmøte både tysdagskvelden og onsdagskvelden for AU og funksjonærar.

***Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:***

”Arbeidsutvalet tar orienteringane om European Mountain Convention til etterretning. Hovedsekretariatet får fullmakt til å redusere omfanget av budsjettet dersom dette blir naudsynt for å gå i økonomisk balanse.

Sekretariatet tar med seg synspunkta frå Arbeidsutvalet inn i det avsluttande førebuingarbeidet.”

## **Eventueltsaker:**

### **19/2010 Datoar for dei neste AU-møta**

Neste møte i Arbeidsutvalet blir fredag 5. november kl. 12 i Valdres, i samband med Rakfiskfestivalen. Valdres Natur- og kulturpark ved Kjell Arne Berntsen blir kontakta for å organisere møtet, med mogleg felles middag om kvelden og overnatting. Det blir påmelding innan ein datofrist for middag og overnatting.

Fredag 10. desember er dato for det følgjande AU-møtet. Dette blir i Oslo på Thon Hotell Opera frå kl. 10.

### **20/2010 Dekking av kundekort for hovedsekretariatet**

Det vart reist spørsmål frå hovudsekretariatet om Fjellregionsamarbeidet kan dekke kundekort med NSB for dei, da arbeidet fører med seg ein del reising med tog. Arbeidsutvalet slutta seg til at kundekort kan dekkast.

**Orienteringssakene** vart ikkje gått gjennom, da det ikkje vart tid til dette.

Uttalen til landbruksmeldinga (Referatsak 06/2010) var sendt ut saman med sakspapira, slik at denne saka ikkje treng å takast opp att.